

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 9/2005

Møtedato: 9.2.05

Arkiv nr:

## Kommunedelplan for Vaset

Frå Vestre Slidre kommune har fjellstyret tidlegare fått oversendt utkast til ny kommunedelplan for Vaset til uttale.

Følgjande var nytt i planen:

- Bustadfelt B1 og B2 i ERP 5, 88 daa + 33 daa = 121 daa. Delar av dette området (22daa) er tidlegare S 755 (Nordeng 72/8). Arealet er omregulert til serviceformål. Fjellstyret har på grunn av dette i sak 51/01 tilrådd at arealet ikkje blir vist ut på nytt. Vidare er støl S 753 (Mostad 72/5) foreslege til bustadområde(30daa). Resten av arealet (36 daa) er anna utmarksareal.
- Næringsverksemd S10 i ERP 1, 16 daa ved parkeringsplass skiheis
- Næringsverksemd S11, 30 daa vest for Gomobu.
- Reservert tilleggsareal N1 og N2 på begge sider av skitrekket.
- Tilkomstveg til de øvre hyttene nedanfor vegen til Gomostølen.
- Ny tilkomstveg til Røvsalin. Veggen går over stølsutmåling S1005 (Nordli 80/3).
- Brennabu leirskule er merka som offentleg anlegg.

Dette er ikkje avsett areal til massetak i planen. Stølsvegen Vaset-Murkelie har eit eksisterande massetak nordvest for Vasetstølen.

Pumpestasjon ved Vasetvatnet er ikkje merka som offentleg anlegg.

Trasear for skiløyper ser ikkje ut til å vera endra. Papirkartet vi har fått syner dette for dårleg. I bustadfelt B2 og i serviceområde S11 går skiløypene gjennom felta.

Det er brukt to ulike LNF-område i allmenningen; LNF1 og LNF2 Byggegrense i statsallmenning. I LNF2 er det dei same avgrensingar for fritidsfester som i resten av kommuneplan.

Statskog har følgjande merknader til planen:

*Vi gjentar at i de deler av hyttfeltet fra 1967 som ikke er fortettet enda, mener vi det bør gis muligheter til fortetting i. I flg. telefonsamtale med planlegger, forstår vi det da slik at det må søkes om dispensasjon fra gjeldende reguleringsplaner for en slik eventuell fortetting.*

*Vi har ikke spesielle merknader til det som er foreslått i planen.*

*Hvem som eventuelt skal stå for utbygging på nye utbyggingsområder og som det skal opprettes festekontrakt med, må vi som tidligere presisert komme tilbake til.*

*Når det gjelder LNF 2 Byggegrense statsallmenning, synes en det er litt merkelig å kalle arealer for byggegrense, og vi foreslår en annen betegnelse eller at disse arealer går inn i LNF 1?*

I sak 41/2004 gav fjellstyret følgjande uttale:

*Fjellstyret ser positivt på utkastet som er oversendt og spesielt at kommunen har fulgt fjellstyret si tilråding om å vidareføre LNF-område vest i planområdet, mellom Vasetvatnet og Panoramavegen.*

*Fjellstyret har følgjande merknader til dei ulike delane av planen:*

- *B2: Fjellstyret er skeptisk til å legge ut bustadfelt på stølsjorde S 753 (Mostad 72/5) og kan ikkje tilråda dette. Areal B1 og resten av arealet i B2 bør vera tilstrekkeleg for bustadbygging i planperioden. For å sikre fri ferdsel, tilrår fjellstyret at det blir lagt inn passasje mellom B2 og S 766. Lokal forskrift om 0-konsesjon bør endrast for bustad i regulerede bustadfelt slik at dette også omfattar bustad som ikkje er teke i bruk, jfr. endring av konsesjonsloven.*
- *N1: Fjellstyret er skeptisk til å leggja ut næringsområde på stølsjorde S 847 og finn ikkje å kunne tilråda dette.*
- *S11: Fjellstyret kan ikkje ta stilling til bruken av arealet før ein har sett dette under befarig. Om dette skal tilrådest, må ferdsel sikrast ved passasje mellom S11 og stølane som grensar inntil (S 777og S 758).*
- *Massetak til stølsvegen Vaset-Murkelie nordvest for Vasetstølen må merkast som massetak i planen.*
- *Ny tilkomstveg til Røvsalin går over stølsjorde S1005 (Nordli 80/3). Fjellstyret kan ikkje tilråda at veg blir lagt over stølsutmålinga og det må her utarbeidast nytt framlegg til vegtrasé.*

- Skiløyper er dårleg merka på kartet. Ut frå det ein kan sjå, har fjellstyret ingen merknader til løypenettet utanom at skiløypa går gjennom N11 og B2. Ved eventuell utbygging må utbyggar dekke utgiftene med omlegging av skiløypa.

I sak 66/2004 gav fjellstyret følgjande tilleggsuttale:

*Fjellstyrt meiner det er viktig å bevare ein del naturområde som ikkje skal byggjast ut. Dette er viktig ut frå miljøomsyn og ferdsel for allmennheita. Vasetløypene har skiløype som går midt gjennom S11. Fjellstyret er derfor skeptiske til å ta i bruk dette arealet. Vel kommunen likevel å omregulere området, må det avsettast romslege korridorar for ferdsel mellom S11 og stølane S 758 og S 777 og skiløypa må sikrast.*

Framlegg til ny kommunedelplan er no lagt ut til offentleg ettersyn og fjellstyret er bedt om uttale til utkastet. Følgjande endringar er registert i statsallmenningen sidan siste utkast:

- I bustadfelt B1 er stølutvisninga S 753 (Mostad 72/5) teke ut.
- Massetak til stølsvegen Vaset-Murkelie nordvest for Vasetstølen er merka som massetak i planen.
- Det er markert eit kombinert byggeområde og fritidsbustad på sørsida av Panoramavegen frå Vasetssenteret til krysset til Gomostølen. To alternativ er lagt fram, eit kombinert med omlegging av Panoramavegen (alt. C/D) og eit utan omlegging av veggen (alt. 6). Vegtrasé og byggeområde er delvis lagt over S 766 (Væla 74/31 ), S 787(Kvåle søndre 76/3) og S 683 (Lundene 46/7 i N.Aurdal)
- Eit nytt område for erverv er foreslege vest for Brennabu (alt. 7).
- Planområdet er utvida slik at det avsett areal til løypetrasé/turveg rundt Vasetvatnet.
- Ny tilkomstveg til Røvsalin er endra slik at han går utanom stølsjorde S1005 (Nordli 80/3).

Vasetløypene har opplyst at dei kunne tenkje seg å leggje ei ny skiløype frå eksisterande nett ved Stubbeset og gjennom det planlagt nye feltet Gomostølen hyttegrend i Nord Aurdal.

#### **Vedtak:**

Til endringane i planen har fjellstyret følgjande merknader:

- Fjellstyret meiner det i planperioden ikkje er nødvendig med omlegging av veg. Sikring av nødvendig areal for framtidig vegomlegging, kan gjerast ved at område for kombinert fritidsbustad/erverv ikkje blir så stort at det hindrar eventuell framtidig omlegging av veg.
- Fjellstyret har ingen merknader til nytt område for erverv vest for Brennabu (S16) . Ein føreset at det blir teke omsyn til kryssande skiløype.
- Ved utbygging av S16 blir ein del av parkeringsplassen borte. Fjellstyret meiner det bør sikrast tilstrekkeleg areal for parkering i tilknytning til skiløyper og turveggar i heile planområdet.
- Fjellstyret ber kommunen vurdere å avsette areal til badeplass ved Vasetvatnet slik som det er gjort i kommuneplan.
- Fjellstyret ber om at det blir teke omsyn til ynskje frå Vasetløypene om ny skiløypetrasé frå Stubbeset til Gomostølen hyttegrend.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.2.05.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Statskog  
Vasetløypene